

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnen 53

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Heile Hjelmeland.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jakob Gunnufsen, F.3/8 L871. Tømmermann.

SVAR

Det vanlege namn på bryne her har vore kvatstein, finare slag bryne har me kalla heidn(ein). Kvatstein var av ein sers sort stein, den var ofte svartspekket, og kom frå Hardanger. I dag er det for det meste kunstig stein som vert brukt. Alle sliper nå på slipestein. Snikkarverktøy vert ikkje slipt så ofte, Det vert brynt på flat stein, til det er så tjukt i eggā at det svarar seg betre å slipa det fram att. Ieldre tid brukte folk altid skolp (ein) med vatn i, og ei stroka av tre som hong etter krok i skolpen. Stroka brukte dei etter kvetjinga. Ho var av hart tre. Det mjølet som kom av kvatsteinen når dei kvatte kalla dei kotamjøl. Dei var vande på betet i dei dagar, ~~sko~~ Stroka vert ennå brukt på finare verkty.

Før sliprsteinen kom tynnte dei ljåen ~~ut~~. Dei banka han med hammar på ambolt så fin i eggā som dei kunne få han, og så kvatte dei resten. Det var vel mykje av ~~den~~ den grunn, at det var så mange smier på garane i den tid. Slipt ljå måtte vara økta ut, det var dårleg slått-e kar som ikkje det greidde. Gode var dei nok til å slå før, og meistrar til å halda ljåen frå alt som skjemde. Når det skulle slipast tok dei som regel ljåen or orvet. Når ein bryner stuttov set ein enden av orvet millom beina og held i ljåen med venstre handa. Longov set ein enden av orvet i marka.

